– Dei pengane skal vi bruke til å reise til Gøteborg, gå i studio og lage ny EP, seier kompisane som bruker mange timar på musikk.

– Likevel er dei og habile handballspelarar på G16-laget til Stord. I pinsen blir det både handball og konsertar for det travle popbandet frå Stord.

Det kan gå litt hardt for seg når gutane møtes for å lage musikk.

– Eg kranclar meir med William enn med litesøstera mi. Men vi er aldri sinte i meir enn fem minuttar, innrømmer Akxel med eit blikk bort på kompisen.

#### Med mange timar med musikk og handball går dette vel utover skulearbeidet?

– He-he. Vi fekk seks på prøve-eksamen i matte og samfunnsfag, så vi klarer oss rimeleg greitt. Men ikkje skriv at vi ikkje førebur oss så mykje, seier begge litt blygt.

#### Opplever dåke mange innpåslitne jentefans?

– Så klart. Jentene kjem springande så fort dei ser oss på scenen. Alle begynne å grina når dei høyrer musikken vår, det skal dåke få sjå på sundag. Dei kjem til å ramle om av begeistring, flirer popduoen.

Sagt om Akxel og William av to anonyme fans: snille, inkluderande, litt nykker og flinke på skulen.

– Det stemme godt det, seier aw0-gutane.

#### Kven kvir seg mest til konsertane?

– Akxel har klart mest scene-nervar. Eg er iskald, seier William.

No gleder begge seg til å møte fansen på Vikahaugane på søndag. *(Til opplysning ligg musikken til aw0 ute på Spotify.)*



### Aksel Dreyer Ur

**Født:** 12. januar 2008

**Yrke:** Går i 9. klasse på SUS.

Oppvaskhjelp på Frugård og SFO-hjelpar

Spelar handball på G16-laget til Stord (venstre ving)

**Aktuell:** Artist og konsert på Handballfestivalen

#### Seks kjappe:

1. Grillmat eller skaldyr? *Grillmat*
2. Italia eller Frankrike som feriemål? *Frankrike*
3. Softis eller saftis? *Softis*
4. Cola eller solo? *Flaske-cola*
5. Krim eller roman? *Krim*
6. Film eller teater? *Film*



### William Nygård Ormseth

**Født:** 26. november 2008

**Yrke:** Går i 9. klasse på SUS.

Spelar handball på G16-laget til Stord (høgre ving)

**Aktuell:** Artist og konsert på Handballfestivalen

#### Seks kjappe:

1. Grillmat eller skaldyr? *Grillmat*
2. Italia eller Frankrike som feriemål? *Italia*
3. Softis eller saftis? *Softis*
4. Cola eller solo? *Solo i glassflaske*
5. Krim eller roman? *Krim*
6. Film eller teater? *Film*



FOTO: ALFRED AASE, HAUGESUNDS AVIS

# RETT FRÅ ITALIA TIL HANDBALLFESTIVALEN

**– Pinsen og Handballfestivalen må eg berre ha med meg. Eg har mange gode minner og gler meg til å kjenne på festivalstemninga.**

TEKST: RUNAR ØVREBØ

Alexander Østevik kjem direkte frå Italia og bryllupsfeiring til handballfest på Stord.

No er han handballtrenar i Åkra for 28 ivrige G8-spelarar som gler seg til overnatting for første gang på Sommarøya.

– Spelarane på laget gler seg. Det er alltid ein fest og fin tradisjon å kome til Stord. Det er grilling og sosialt, kort sagt ein spesiell happening. Kampane er ikkje det viktigaste, det er alt det andre rundt, seier Alexander, som med tre barn ser for seg ti nye år med Handballfestival på Stord.

Karmøybuen med barndomsrø-

ter frå Håvik og Avaldsnes blei lokka frå Haugaland HK til Stord i 2003 med mykje omtalte Morten Fjelstad som trenar (som slutta midt i sesongen).

– Eg såg opp til Stord som ein storebror. Ein klubb med godt miljø blant spelarane. Eg trengte eit miljøskifte og nye impulsar. Stord hadde ambisjonar og ville satse, det passa meg godt, seier Alexander Østevik, som alltid gav alt. Så mykje at han før jul drog på seg dobbel trettehetsbrot.

– Eg følte på presset og ville spele. Men ville meir enn eg makta. Eg satt vel tre månader på sykkel og køyrte intervall. Det var tungt når dei andre spelte kamp. Eg pusha vel meg sjølv for mykje.

Det blei med den eine sesongen i Stord. Før turen gjekk til Stavanger og lærarstudiet. Etter nokre år med handball i oljebyen var den aktive karrieren slutt. Utan skaden kunne Alexander den Store hatt ein lang og god karriere i norsk topphandball.

Både Haugesund, Stord, Avaldsnes og Åkra er langt vekk frå toppen i norsk handball. No ynskjer han å løfte handballen på Åkra.

**Kva ser du for deg på Åkra i 2030?**

Draumen er 1. divisjon. Det hadde vore gøy. Det må jo vere lov å ha ambisjonar, nokon på Haugalandet må våge å stikke hovudet fram. Alt ligg til rette, vi har ein flott ny arena, tradisjon og masse folk på tribunen.

Med kompetente trenar som Kristoffer Froestad, Christian Spanne, Kristian Lier og Kristian Lund så har vi trenarar som veit kva som må til. Men denne utviklinga må komme gjennom seriøs satsing i eigen ungdomsavdeling, seier ein engasjert Alexander Østevik – pedagogen som kan ause av eigne erfaringar frå toppnivå.

– Vi på Åkra er klar til å ta utfordringar. Men denne helga står det sosiale og det å ha det gøy med laget på Handballfestivalen i fokus.



Her er deler av familien Østevik. Aline Knusten Østevik, Alexander Østevik, Marius Knutsen Østevik. FOTO: PRIVAT

# Her er lagene jeg trener

**Gutter 8** består totalt av 27 gutter. Trenerne er Gunn Elise Lund og Alexander Østevik. Foreldrekontaktene er Steven Weltzien og Rasmus Cabaleiro. Vi trener onsdag fra 1600 – 1730, og på det jevne møter det i overkant av 20 spillere.

Sesongen har så langt bestått av kampdager i Storhall Karmøy, Åkrahallen og Haraldshallen, og vi ser virkelig at guttene koser seg på kampene. Vi er opptatt av å ivareta alle/bredden i gruppen, og deler konsekvent inn lag etter jevnbyrdighetsprinsippet. Dette opplever vi som positivt for alle spillerne, og vi ser både trivsel, mestringsglede og utvikling så langt i sesongen.

Vi har en flott foreldregruppe som stiller opp som hjelpetrenerne, i tillegg til andre sosiale sammenkomster vi har med gruppen. Vi har hatt juleavslutning med grøt, og har planer om overnatting i Åkrahallen i april. I september deltok vi på Haugesund Sparebank Cup, og gleder oss mye til både Åkra Cup og Stord Cup. På Stord skal guttene få overnatte for første gang, og dette vil bidra til å styrke fellesskapet og det sosiale i gruppen (både spillere, trenere og foreldre).

Først skal vi avslutte sesongen, men vi gleder oss allerede til disse blir G9.

## G8 (2014)



Rekke 1 fra venstre: Hjalmar Fjell Simonsen, Marius Knutsen Østevik, Jonathan Hovland, Noah Cabaleiro, Alvin Fagervik. Rekke 2 fra venstre: Al-amin Bala Garba, Oscar Weltzien, Eirik Hemnes, Einar Mannes, Haldor Stava, Carlos Stonghaugen, Jørgen Lund-Nilsen, Henrik Erland Heimdal, David Lillebø. Rekke 3 fra venstre: Henrik Vaage Larsen, Fredrik Sævareid Haugeberg, Ask Håkonsen Dale, Viljar Håkonsen Dale, Marcus Haugen, Edvard Medhaug, Sebastian Magnussen, Liam Grindhaug. Rekke 4 fra venstre: Gunn Elise Lund, Alexander Østevik. Ikke tilstede: Alfred Fjæreide, Elias Bu Sjøen, Knut Johan Gustavsen, Liam Nielsen Kolletre, Simon Nes. FOTO: PRIVAT

**Jenter 11** består totalt av 29 jenter. Trenerne er Gunn Elise Lund, Vidar Medhaug og Alexander Østevik. Foreldrekontakt er Hanne Underhaug og Jenny Elisabeth Rasmussen. Vi trener mandag fra 1800-1930, og onsdag fra 1730-1900. Treningsoppmøtet er på det jevne mellom 20-25 stk. I tillegg deltar over halvparten av spillerne på Fredagsøkta.

Denne sesongen har vi for første gang meldt på 2 lag i Stavanger. Dette har vært en veldig positiv opplevelse for oss, både sportslig og sosialt. Vi spiller 4 kamper i samme hall, og det er kjekt å møte nye lag. I tillegg er motstanden bedre, noe som er motiverende og gøy for alle. Mange foreldre blir også med over fjorden, noe som også bidrar til et bedre foreldremiljø rundt laget.

I tillegg til 2 lag i Stavanger, har vi 2 lag i den lokale serien. Dette er også veldig kjekke kamper, og et viktig supplement til kampene i Stavanger. Vi er opptatt av at alle skal få tilnærmet like mye spilletid gjennom sesongen, og det er, blant flere, en viktig faktor til at jentene opplever å bli sett og få muligheten – uavhengig av hvilket nivå de er på pr. i dag. Med en så stor treningsgruppe, er det utrolig spennende, motiverende og givende å se hvordan spillerne utvikler seg gjennom alle disse årene vi har trent dem. Det er rett og slett en fantastisk fin gjeng med jenter!

Vi har alltid vært opptatt av å ivareta det sosiale, og årets sesong startet med tur til Utsira. Her overnattet vi på hytten til Geirmund og Marit Lund sin hytte, i tillegg til at vi også trente i gymsalen og var i svømmehallen. Vi deltok deretter på Haugesund Sparebank Cup, og har hatt juleavslutning med grøt. Nå gleder

## J11 (2011)



Rekke 1 fra venstre: Aline Knutsen Østevik, Hanna Larsen, Frida Lund-Nilsen, Yordana Filipos Tekeste, Oline Munthe Strømmen, Sofie Digernes, Nora Sofie Underhaug. Rekke 2 fra venstre: Othilie Rasmussen Larsen, Sarah Bårdsen, Thea Linea Skogland Hansen, Bina Johannessen, Malena Johannessen, Andrea Ådland, Lina Thomsen Stava, Kaisa Håkonsen Bru, Sanna Lund, Rine Erland Heimdal. Rekke 3 fra venstre: Hannah Aurora Heggheim, Helene Bløtekjær, Elise Vaaga, Linnea Medhaug, Othalie Rosslund, Sannah Ådland, Marika Østbø, Molly Kvalvåg, Julie Nes. Rekke 4 fra venstre: Alexander Østevik, Vidar Medhaug, Gunn Elise Lund. Ikke tilstede: Kajsa Aase Engevik, Sanna Emilie Medhaug, Susanne Simonsen Halvorsen. FOTO: PRIVAT

vi oss til Åkra Cup, og deretter sesongen høydepunkt på Stord. Vi kan også nevne at vi allerede har bestilt tur til Dyreparcken Cup i august, og det er meldt om et stort antall familier som blir med og heier!

Vi er en fantastisk foreldregruppe, med Hanne og Jenny i spissen som foreldrekontakter. Foreldrene stiller opp både på klubbdugnader og lagsdugna-

der, og vi har både levert ut bøker til konfirmantene, solgt godteposer på Amfi og Julemarkedet, i tillegg til lotteri på Spond. Resultatet av dette er at vi kan ha fokus på sosiale aktiviteter, og sørge for at alle er med uavhengig av økonomisk situasjon. Noe av pengene har vi brukt til å kjøpe en høyttaler til laget, og denne er med oss både på Haugalandet og Stavanger.

## Alexander Østevik

**Født:** 30. mars 1982 i Haugesund (vaks opp på Karmøy i nærleiken av Håvikshallen)

**Yrke:** Lærer

**Familie:** Kone, tre barn

**Aktuell:** Trener for aldersbestemte lag i Åkra

**Tidlegare klubbar:** Avaldsnes, Haugaland, Stord (19 kamper, 79 mål) og Stavanger

– Herrelandslaget

(2 kamper, 1 mål)

– Juniorlandslaget

(40 kamper, 194 mål)

– Ungdomslaget

(16 kamper, 54 mål)

**Posisjon på banen:** Midtback

### Seks kjappe

1. Grillmat eller skaldyr?

*Grillmat*

2. Italia eller Frankrike som feriemål? *Italia*

3. Softis eller saftis? *Softis*

4. Cola eller Solo? *Cola*

5. Krim eller roman? *Krim*

6. Film eller teater? *Teater*

# ALT I RUTE

Eg gler meg til å kome i gang.  
Hugs å bestille til rett tid  
så skal vi følgje  
opp resten!



## Jørn-Rune Bruun

**Født:** 9. november 1974 i Båtsfjord (kom til Stord i 2004)  
**Familie:** Gift, to gutar som spelar handball i Stord og Ryger  
**Yrke:** Produksjonsplanleggar i Bremnes Seashore  
i Stord Handball: sit i styret som økonomiansvarleg  
**Aktuell i Handballfestivalen:**  
Ansvar for transport (henting og bringing)

### Seks kjappe

Grillmat eller skaldyr? *Grillmat*  
Italia eller Frankrike på ferie? *Italia, men helst Spania*  
Soft eller saftis? *Softis*  
Cola eller solo? *Solo*  
Krim eller roman? *Krim*  
Film eller teater? *Teater*

**Den sindige finnmarkingen Jørn-Rune Bruun har kontrollen på sju minibussar, store bussar frå Tide og 23 sjåførar. Rushtrafikk blir det, men alt er i rute før det brakar laus. I løpet av helga skal om lag 4.000 handballspelarar kome fram til rett plass til rett tid.**

TEKST OG FOTO: RUNAR ØVREBØ

– Eg er innstilt på lange dagar frå kl. 06.00 til midnatt. Det er størst trøkk mellom kl. 07.00 og 11.00 når laga skal til frukost og så ut på kampar, seier transportsjefen.

### Korleis skaffar du nok sjåførar?

– Her blir laglistene nøye granska og alle med minibuss-sertifikat blir hanka inn. Før festivalen samlar med alle sjåførane til informasjon og kort briefing.

### Korleis set dåke opp rutene?

– Laga må sjølv bestille plass dagen før seinast klokka 21.00, så sett vi opp rutene etter desse bestillingane – vi er nærmast eit taxiselskap.

### Ein bussjåfør er ein mann med godt humør?

– Ja, det stemmer det. Dei som har denne dugnaden opplever masse gøy og høg stemning på bussen. Jubel og høg musikk må dei tåla.

– Ein av dei gode kommentarane som kom var frå ein liten gut: Handballfes-

tivalen er større enn Korona, smiler sje-fen for reisebyrået i pinsen.

Men 42-åringen fekk ein treg start som transportsjef. I 2020 og 2021 blei det avlyst på grunn av nedstenging og Korona. Men i 2022 var det elddåpen for 42-åringen frå Aust-Finnmark.

– Eg gler meg til å kome i gang. Hugs å bestille til rett tid så skal vi følgje opp resten, lover Jørn-Rune Bruun.

Da blir det tett trafikk med minibussar frå Sagvåg i vest via Vikahaugane og ut til Rommetveit i nord.





**ecit**  
ECONOMICS & IT

## ECIT Stord

– Vi gjør regnskap enklere!

ECIT Stord er eit leiande selskap i Sunnhordlandsregionen innan rekneskap- og økonomitenester, med historie tilbake til 1978. Som rekneskapsfører tar vi oss av alt fra A-Å. Rekneskapet er ditt viktigste styringsverktøy, og vi sørger for at du får den oversikten du treng. Ved å kombinere IT og økonomi gjer me det enklere for våre kunder å drive ei framtidretta bedrift. Saman finn vi gode løysingar tilpassa din bedrift.

Kontakt oss for eit uforpliktande tilbud



Liv Marit Børve  
Mob: +47 469 79 511  
E-post: lborve@ecit.no



Marte Eldøy Ottesen  
Mob: +47 469 79 505  
E-post: mottesen@ecit.no



Regnskap



Lønn



Rådgivning



Årsregnskap

# BAKERIET FRUGÅRD PRESENTERER Sommarteltet

FREDAG 2. JUNI

STORD ROCK  
TERMOZTAT - ELECTRO SOUND  
DE STRESSLESS

LAURDAG 3. JUNI



FREDAG 9. JUNI



LAURDAG 10. JUNI



FREDAG 16. JUNI



LAURDAG 17. JUNI



FREDAGAR OG LAURDAGAR - 23., 24., 30. JUNI & 1. JULI

HEINE & HOPE  
Eit musikalsk  
humorshow

JAN EVALD KLEPPE - MARIANNE HJÆRNES - ROGER ALLAN ZVIN



BILLETTAR PÅ TICKETCO.NO



  
WÄRTSILÄ

# SPYDSPISSEN FOR MARITIM MILJØTEKNOLOGI

Wärtsilä utviklar  
grøn teknologi for den  
globale skipstrafikken.



#PowerTheChange

Ingeniører, spesialister og  
fagarbeidere søkes!

#PowerTheChange

Vil du være med å løse fremtidens energiutfordringer?



Les mer  
om de ulike  
stillingene på  
våre nettsider:  
<https://www.aker-solutions.com/careers>

# TA VARE PÅ DOMMARANE!

**60 dommarar og 462 lag skal saman gjennomføra 1.320 kampar i helga. Dommarane må få ro til å dømme og ha det kjekt både på banen og elles i Handballfestivalen.**

TEKST OG FOTO: RUNAR ØVREBØ

Dommaransvarleg Franny Bøthner har eit klart budskap som kjem klart og tydeleg fram på den gule dommartrøya: «Hugs det er ditt barn eg hjelper».

– Vi set stor pris på dei unge dommarane. Dei skal både få bu godt, sove godt og oppleve å bli inkludert.

Dei 60 dommarane har hotell i særklasse midt i Leirvik sentrum. Her blir dei innlosjert på Folkehøgskulen i gamle Grand Hotel.

– Eg håpar dei set pris på det. At dei får det sosialt og har eit god læringsutbytte i løpet av helga.

#### Kor kjem dommarane frå?

– Dei kjem frå Region Vest (Vestland) og Region SørVest (Rogaland). Dommarane er frå 15 år og eldre. Det er nokre klubbar som skil seg ut og stiller med mange dommarar; Os med 16, Bergen HK med 12, og i tillegg er og Sotra og Askøy godt representerte med dommarar. Det er ekstra hyggeleg at klubbar i gamle Sogn og Fjordane stiller med ti dommarar!

#### Kva med Stord?

– Våre egne blir brukt på andre dugnadsoppgåver denne helga, slik at me prioriterar tilreisande dommarar.

Region Vest stiller sterkt med sju dommarutviklarar med Harry Stik-

holmen i spissen. Regionen prioriterer Handballfestivalen som ein god læringsarena og dommarane blir følgt tett opp under turneringa.

– Dei skal bli ivaretatt. Dei kjem til å gjere feil, men det gjer alle som er med. Vi som arrangør skal og ha baneverter som er tett på og ser at det er ein god tone rundt banen.

Kort sagt, det handlar om god folkeskikk.

#### Tøff episode

Det var ein uheldig episode i fjorårets turnering som gjekk tøft utover ein av dei unge dommarane.

Ja, det stemmer, men her hadde vi godt samarbeid med dommarsjef Harry Stikholmen og regionen. Rapport blei sendt til den involverte klubben, og dommararen fekk solid oppbakking. Dommarane fekk og Fair Play-prisen i fjor som ein gest og støtte.

– Vi håper å sleppe slike episodar i år, seier Franny.

Det blir lange dagar med kampar, i snitt får dommarane ti kampar per dag. Difor er det godt å kome ned i ei mjuk seng på Folkehøgskulen etter ein lang dag på jobb.

#### Korleis er dommarsituasjonen i region vår?

– Vi opplever krisetal i forhold til neste sesong. Vi utdannar mange dommarar, men det er verre å ta vare på dei. Så opplevinga her på Stord blir viktig slik at dei får lyst til å satse på dømning, og at vi kan bruke dei i mange år framover.

Da er det berre til å blåse kampene i gang. Dei første kampene kan du sjå på Vikahaugane alt fredag kveld, før det brakar laus på for fullt klokka 13.00 på laurdag på rundt mot 30 banar både ute og inne.



## Mille Mikkelson Sæther

**Født:** 12. februar 2009  
Spelar på Stord J14  
(Skal ta dommarkurs til hausten)

#### Seks kjappe:

1. Grillmat eller skaldyr? *Grillmat*
2. Italia eller Frankrike som ferieland? *Frankrike*
3. Softis eller Saftis? *Softis*
4. Cola eller Solo? *Liker ikkje brus*
5. Krim eller roman? *Krim*
6. Film eller teater? *Film*

## Franny Bøthner

**Født:** 28. mars 1988 i Oslo (kom til Stord i 1991)  
**Yrke:** Lærer, og ansvarleg for Newton-prosjektet i Stord kommune  
**Nestleiar** i Stord Handball  
**Aktuell:** Dommaransvarleg under Handballfestivalen  
**Gladmelding:** Gler seg til å bli mor i august!

#### Seks kjappe:

1. Grillmat eller skaldyr? *Skaldyr*
2. Italia eller Frankrike som ferieland? *Frankrike*
3. Softis eller Saftis? *Softis*
4. Cola eller Solo? *Solo*
5. Krim eller roman? *Roman*
6. Film eller teater? *Film*

## Agnes Karlson Andreassen

**Født:** 9. november 2008  
Spelar på Stord J14  
(Skal ta dommarkurs til hausten)

#### Seks kjappe:

1. Grillmat eller skaldyr? *Grillmat*
2. Italia eller Frankrike som ferieland? *Italia*
3. Softis eller Saftis? *Softis*
4. Cola eller Solo? *Solo*
5. Krim eller roman? *Krim*
6. Film eller teater? *Film*

# RØRLEGGERMESTER JARLE OLSEN

## Rørleggeren på Stord

Knosterneset 1- Tlf. 916 55 605  
Mail: post@jarleolsen.no - www.jarleolsen.no

Bu sentralt og godt  
på Stord

Frokost  
og gratis  
kveldsmat



almaas-hotell.no



**Almaas Hotell Stord**  
Tlf. 53 40 99 99

Stolt sponsor  
til idrettslag  
- born og ungdom

**LEIRVIK®**

### Stolt sponsor

Leirvik AS har lang tradisjon for å gje tilbake til samfunnet gjennom støtte til ulike lag, organisasjonar og foreningar som driv med kultur, idrett og aktivitet.



<https://leirvik.com/contact/sponsor/>

SKADETAKST - LAKKERING - BILGLASS

«Det lille ekstra»

**Auto  
INDUSTRI AS**



**Miljøvennlig lakk for miljøet hos Auto Industri AS**

Du finn oss i Sæ 24 - Tlf. 53 41 10 69 - e-post: post@auto-industri.no

**VELKOMEN TIL POLARIS MEDIA  
VEST SITT INSTAMAGASIN!**



FØLG OSS PÅ



**POLARIS MEDIA VEST**

PINSEFTAN LAURDAG 27. MAI

**10-16**

### BURGER KING

Pinseftan 10-18  
1. pinsedag 12-18  
2. pinsedag 12-18

### KEISER

Pinseftan 11-19  
1. pinsedag 13-19  
2. pinsedag 13-19

### BAKER BRUN

Pinseftan 09-18  
1. pinsedag 09-18  
2. pinsedag stengt

**AMFI**  
STORD

AMFI Mykje å gje seg til. Alltid.





## Her er menyen som ventar

### Laurdag:

**TACO** med sunn salat.  
Her går det med 400 kg kjøttdeig.

### Sundag:

**LASAGNE** med innslag av grønnsaker.  
Her går det med 160 kg kjøttdeig

### Måndag:

**LAPSKAUS.** Her blir pølsene lagt vekk.  
Salta lokalt lammekjøtt gjer det til ein delikatesse. Det skal være berekraftig med norsk sau.



## Julie Log

**Født:** 7. juni 1998 på Stord

**Yrke:** Grunder og utdanna kokk Eigar av Urt & Ugras, medeigar i Varegga. Gift, to barn på to og fire år.

**Aktuell:** Ansvarlig for 9.000 porsjonar med middag under Handballfestivalen

### Seks kjøpe

1. Grillmat eller skaldyr? *Grillmat*
2. Italia eller Frankrike som ferieland? *Frankrike*
3. Softis eller saftis? *Softis*
4. Cola eller Solo? *Solo*
5. Krim eller roman? *Krim*
6. Film eller teater? *Film*

Store gryter skal metta mange magar. Kokkane Julie Log og Sandra Nedrebø er klar til innsats.

# MAT I SÆRKLASSE

**Julie Log og kjøkkenet i Urt & Ugras er klar til å by på det beste med velsmakende middagar for 4.000 handballspelarar. 9.000 porsjonar skal servast.**

TEKST OG FOTO: RUNAR ØVREBØ

All mat frå Urt & Ugras er laga frå botn av, sausar og andre yrkeshemlighetar.

Litt røpar Julie: Vi har skifta kjøttkaken ut med lasagne. Så har vi lurt inn litt gode næringsstoff. Då kan barna ha det betre og kjekkare på Handball-

festivalen med god og sunn mat i magen.

– Dette blir heilt sinnsykt, seier meisterkokken Julie Log som skaffa seg fagbrev frå Fitjar VGS.

Nøkkelen til å lukkast i dette store prosjektet er god planlegging. Vi har alt starta jobben med å steike kjøttdeig. Så her må det store kar og gryter til.

### To skift

– Under sjølve festivalen går vi to skift. Vi er ni som arbeider her og går mot travle dagar frå kl. 06.00-18.00 om kvelden. Men under ordna forhold. Vi skal ikkje slite ut folka våre på kjøkkenet.

– For oss er dette eit flott oppdrag å få. Alt har blitt dyrare, men vi kalkulerer nøkternt og har ikkje tenkt å ruinere Handballfestivalen med å skru opp prisane for mykje og leve godt på dette resten av året.

### Krisetid

Urt og Ugras har opplevd tøffe tider. Men beinhard jobbing og ståpåvilje har gitt positive resultat.

– Vi har berre drive i krisetid. Korona, høge mat og straumprisar. Men vi klarte å få eit positivt resultat dei to første åra.

### Kva med korona- og straumstøtte?

– Nei, vi starta midt opp under pande-

mien og var ikkje kvalifisert til støtte frå staten.

Oppskrifta for oss blir å drive smart, men mykje hardt arbeid ligg bak.

### Midt i sesongen

– For oss er dette midt i sesongen, med konfirmasjonar, bryllaup og andre selskap. Alt skjer i mai. Det begynner å leve litt og det er hyggeleg med mykje folk ned i Borggata, som nyttar kafeen vår i Helsehuset.

### Flott serveringsgjeng

Urt & Ugras-sjefen sender og skryt til dugnadsgjengen frå Stord Handball som legg maten på fat og serverer handballspelarar effektivt og raskt.

## Inge Aas Eriksen

**Født:** 25. april 1994

**Gift/samboer:** Samboer

**Tidlegare klubbar:**

**2010-2014:** Stord HK

(132 kampar, 490 mål)

Cupfinale G20 i 2012

Vinner 1. divisjon i 2012/13

**2015-2018:** IFK Kristianstad

**2018-2021:** Fyllingen/Bergen

**2021-2023:** HK Malmö

**Posisjon på banen:** Venstre back

**Beste minne i Stord-drakta?**

Det er vanskelig å velge ut bare ett, for det finns så mange gode minner fra den tiden; enten debuten som 16-åring eller opprykket til eliteserien.

**Min beste trener?** Ola Lindgren

**Forbilde/idol på handballbanen?**

Nikola Karabatic i sin prime.

**Min styrke som handballspelar?**

Min styrke som håndballspelar er at eg kan gjera litt av alt, men spisskompetanse er vel at eg har ett bra skudd.

TEKST: RUNAR ØVREBØ

**Ditt beste minne frå handballbanen frå Fyllingen, Kristianstad og Malmö?**

I mine tre sesongar i Fyllingen så kom me til noken semifinalar i sluttspellet og i cupen, men mitt beste minne er at eg fekk masse ansvar og fekk lov til å utvikla alle delane av mitt spel.

I Kristianstad var det veldig annerledes enn kva ein var vant med fra mi tid i Stord, me vant alt som va å vinna i Sverige i tre år. Så det må nok vera dei tre SM-gullene.

Malmö har absolutt ikkje blitt som eg tenkte meg det skulle bli. Det har vert to rotete år med skadar, ulike posisjonar og trenarbytte.

**Korleis er kvardagen som proff i Sverige?**

Som profesjonell idrettsutøver kan dagane ofte bli veldig like. Ein står opp på morgonen, spiser frukost, drikker ein kopp kaffi og sykler til trening (ofte styrke eller løp). Så er det heim igjen for litt mat og avkobling før handballøka som er på ettermiddagen. På kvelden etter dagens andre økt er det heim å spise middag og ennå meir avkobling, gjerne med ein serie eller ein god film.

**Litt om laget og lagkameratar i Malmö**

Tanken når eg kom til Malmö var at me skulle vera med å kjempa om SM-gull, me hadde ett veldig bra lag, men me hadde alt for mykje skadar under sesongen. Årets sesong var prega å mange utskiftningar i troppen og på trenarsida, og me va rett og slett ikkje bra nok til å kjempa med dei beste. Lagkameratane er det ingenting å sei på,



# MED INGE PÅ SVE

me er flinke til å finne på ting utenfor handballbanen og her har eg fått meg kompisar for resten av livet. Så vil eg passa på å skyta inn at Malmö er ein heilt fantastisk by, det finns alt du kan tenka deg.

**Trening, kamp og fritid**

Snakkar du flytande svensk, spiser kjøttbollar og spelar kramgoda låtar?

Ettersom eg har svensk samboer og har budd i Sverige ei stund no så har eg nog dessverre blitt ein fullblods skåning. Storamålet blir nok bare verre og verre for kvar gång eg er heima...

**Kva kjennetegner svensk handball?**

Vanskelig spørsmål, men fart og ett høgt teknisk nivå.

**Kva med publikum?**

Malmö sitt publikumssnitt er ikkje noko å skryta over, men sånn som Kristianstad og Hammarby er alltid kjekke kampar å spele.

**Kva bruker du fritida på i Malmö?**

I dei periodane det ikkje er så mykje trening så blir det gjerne noken runder



Hyggeleg gjensyn med onkel Inge for Jon på fem år. FOTO: PRIVAT



FOTO: CHRISTOFFER BORG MATTISSON / BILDBYRÅN

# NSK JORD

Etter mange år som spelar har eg samla opp mykje kompetanse og eg kan absolutt tenka meg at eg kommer til å enda opp som handballtrenar ein dag.

golf på ein av dei 1.000 golfbanane i Skåne, eller ein 15 minutters togtur til København. Ellers er Malmö ein veldig flott by som har alt du kan tenka deg.

**Kva planar har du for neste sesong? Blir det Sverige eller eit nytt eventyr ute i Europa?**

Kva som skjer neste sesong er veldig usikkert. Det einaste eg veit er at eg ikkje kommer til å spela i HK Malmö.

**Eller blir det retur til Norge, jobb og familie?**

Kven veit, det kanskje det blir.

**Har du ambisjonar om å trene lag?**

Etter mange år som spelar har eg samla opp mykje kompetanse og eg kan absolutt tenka meg at eg kommer til å enda opp som handballtrenar ein dag.

**Kva betyr Handballfestivalen og Sommarøyo Stord for deg?**

Handballfestivalen og sommarøyo går hånd i hånd om du spør meg. Det er det finaste og kjekkaste som skjer på Stord heila året. Er det ei helg eg kunne ønska eg var heima på Stord så er det alltid Handballfestival-helga.

# Klar til å avleggja eiden!

Håvard Tvedten leste den først i 1989. Sidan har det blitt ein flott og ærefull tradisjon. Årets framførarar er Jacob Moores Nesse og Melina Stølen Hillestad.

## Handball-eiden

*Som representant for spelarane, lovar eg under Handballfestivalen:*

*Å spela så godt eg kan*

*Å oppmuntra medspelarane mine*

*Å visa respekt for dommarane*

*Å retta meg etter leiarane*

*Å ta avstand frå alle former for doping*

*Å kjempa med fair play*

*Eg lovar:*

*Å tola å tapa*

*Å tola å vinna*



FOTO: PRIVAT

## Jacob Moores Nesse

**Født:** 3. desember 2012

**Spelar på:** Stord G10

**Fire kjappe:**

1. Cola eller Solo? *Cola*
2. Soft eller saftis? *Saftis*
3. Kor vil du reise på ferie? *Spania*
4. Taco eller pizza? *Pappa sin pizza*

## Melina Stølen Hillestad

**Født:** 6. september 2012

**Spelar på:** Stord J10

**Fire kjappe:**

1. Cola eller Solo? *Vatn!*
2. Soft eller saftis? *Softis*
3. Kor vil du reise på ferie? *Danmark*
4. Taco eller Pizza? *Pappa sin pizza*





## Ein stor takk til våre samarbeidspartnarar!

 **AkerSolutions™**



**REMA 1000**

VABAKKJEN

**SKL** 

 SparebankenVest

**Sunnhordland**  
MEDIEHUSET

  
**WÄRTSILÄ**

**zpirit**  
Reklamebyrå

Aritech	Skag Profilera
Av & Til	Spinae Company
Breeze Ship Design	Sport 1
Bremnes Seashore	Stord Bordtennis klubb
Engelsen Entreprenør	Stord Brann & Redning
Fest i Vest	Stord Folkehøgskule
Fitjar Kultur og Idrettsbygg AS	Stord Fotball
GB Stord	Stord Hotell
Grov Grasklypp	Stord IL Symjegruppa
Heiane Bil	Stord IL Turngruppa
Hennig Olsen Is	Stord kommune
IL Solid	Stord Skeiser
IPX	Stord Skulekorps
Kjeldsberg Kaffe	Stord Tennisklubb
Langeland Skulekorps	Sunnhordland Bil
Leirvik AS	Sunnhordland Eiendomsinvest
Leirvik Varetaxi	Thorsen Gruppen
Lerøy	Tide
NHF Region Vest	Tine
Læringsverkstedet Sæ barnehage	TNR
Norengros	Trott IL
Oris Dental Stord	Urt & Ugras
Peppes Pizza Stord	Utbygdo Grendahus
Proled AS	Valvatne FUS Barnehage
Ragn Sells	Vestland fylkeskommune
Raititoern	Vest Lydservice
Sagvåg FUS Barnehage	Vilvettene Barnehage
Sagvåg Musikklag	

Handballfestivalen ønskjer også å retta **STOR TAKK** til alle deltakarar, dommarar, foreldre og frivillige som er med på å lage dette til vårens vakraste eventyr!